

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD (EU) 2016/716

2020/EØS/82/01

av 11. mai 2016

om oppheving av gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 med omsyn til arbeidsformidling og vidareføring av EURES

[meld under nummeret K(2016) 2772]()*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 av 5. april 2011 om fri rørsle for arbeidstakarar innanfor Unionen⁽¹⁾, særleg artikkel 38, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Rammereglane for EURES, som er fastsette i kapittel II i forordning (EU) nr. 492/2011, vert bytt ut med europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589⁽²⁾.
- 2) I Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU⁽³⁾ er det fastsett føresegner om verkemåten til det europeiske nettverket for arbeidsformidlingar (EURES-nettverket), særleg med omsyn til arbeidsformidling.
- 3) Forordning (EU) 2016/589 fastset nye reglar om arbeidsformidling og vidarefører EURES-nettverket ved å integrere alle dei aspekta som gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU omfattar.
- 4) Av omsyn til rettstryggleiken og klarleiken bør difor gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU opphevast seinast innan det tidspunktet då forordning (EU) 2016/589 tek til å gjelde.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU vert oppheva med verknad frå 12. mai 2016, den datoen då forordning (EU) 2016/589 tek til å gjelde.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 11. mai 2016.

For Kommisjonen

Marianne THYSSEN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 125 av 13.5.2016, s. 24, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 302/2019 av 13. desember 2019 om endring av EØS-avtalens vedlegg V (Fri bevegelighet for arbeidstakere) og protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 14 av 5.3.2020, s. 52.

(1) TEU L 141 av 27.5.2011, s. 1.

(2) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589 av 13. april 2016 om eit europeisk nettverk for arbeidsformidlingar (EURES), tilgang til mobilitetstenester for arbeidstakarar og ytterlegare integrasjon av arbeidsmarknadene, og om endring av forordning (EU) nr. 492/2011 og (EU) nr. 1296/2013 (TEU L 107 av 22.4.2016, s. 1).

(3) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/733/EU av 26. november 2012 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 492/2011 med omsyn til arbeidsformidling og vidareføring av EURES (TEU L 328 av 28.11.2012, s. 21).